



**Notat**

Dato: 02.02.2015  
Arkivsak: 2015/258-4  
Saksbehandlar: monsera

---

**Til:** Anne-Kathrine Vabø

**Frå:** Monika Cecylia Serafinska

---

**Innspel kulturminne - Lyseparken, oppstart og planprogram - Os kommune.**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. I samband med reguleringsplan for E39 Svegatjørn-Rådal, Os og Bergen kommune, gjennomførte Hordaland fylkeskommune i 2006 ei arkeologisk registrering i det aktuelle planområdet. Ved registreringa blei det ikkje påvist automatisk freda kulturminne.